



Os kommune
Postboks 84
5202 OS

Dato: 21.04.2015
Vår ref.: 2014/24199-20
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

Fråsegn til offentlig ettersyn av område- og detaljreguleringar for Moldegård og Bjånes - Os kommune

Vi viser til brev datert 5. desember 2014 om høyring av område- og detaljreguleringar for Moldegård og Bjånes. Saka vart handsama i Samferdselsutvalet 18. mars 2015, Kultur- og ressursutvalet 19. mars 2015 og Fylkesutvalet 26. mars 2015. I Fylkesutvalet vart det gjort følgjande vedtak:

1. *Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert innarbeidd i planforslaga korleis utbygginga på Bjånes kan leggje til rette for at ny persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport.*
2. *Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert lagt til grunn for planlegginga at det ikkje vil vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset (vest) som skal snu og returnere same veg, og at det vert regulert inn effektive og attraktive gang-/snarvegar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.*
3. *Hordaland fylkeskommune tilrår at eit nærsenter på Bjånes vert utgreidd i områdereguleringsplanen. Nærserveret må vurderast i høve til befolkningsomland og i høve til senterstrukturen i kommunen. Planen må konkretiserast når det gjeld handel, tenester, kollektivtransport og kvalitetar.*
4. *Hordaland fylkeskommune tilrår at det i den vidare reguleringsprosessen av Bjåneshalvøya vert sett nærare på om areal til ny skule kan flyttast til senterområdet.*
5. *Leikeplassar og uteopphaldsareal må sikrast i reguleringsplanane og vere i tråd med kommunen sine overordna krav.*

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Marit Rødseth
plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest

Vedlegg:

Saksframlegg og saksprotokollar